

# Personvernerklæring Sykkylven bibliotek

---

Denne personvernerklæringa fortel om korleis Bibliotekenes IT-senter AS samlar inn og bruker personopplysningar på vegne av sine kundar. Bibliotekenes IT-senter er databehandlar for eit stort antal bibliotek i Noreg, Sverige, Finland og England. Sykkylven bibliotek er et av desse biblioteka.

## *Behandlingsansvarleg*

Administrerande direktør i Bibliotekenes IT-senter er *behandlingsansvarleg* for virksomheita si *behandling av personopplysningar*. Der det daglege ansvaret er delegert, kjem det fram under kvar enkelt punkt. Delegeringa omfattar kun daglege oppgåver og ikkje ansvaret. Ærkleringa inneheld opplysningar du har krav på når det samlast inn personopplysningar (personopplysningslova §19) og generell informasjon om korleis vi behandlar personopplysningar (personopplysningslova §18 1. ledd).

## *Personopplysningar som samlast inn*

Dagleg ansvar: Sykkylven bibliotek v/ biblioteksjefen.

Biblioteket sitt datasystem Mikromarc lagrar desse personopplysningane om biblioteket sine lånarar:

- Namn
- Adresse
- Evt. Mellombels adresse
- Fødselsdato
- Kjønn
- Telefonnummer
- E-postadresser
- Val knytt til om lånaren vil motta meldingar på e-post, SMS eller brev
- Lånergruppe (Barn, voksen osv)
- Føretrekt språk
- Strekkode på lånekort
- Pin/passord
- Lånaren sitt lokale bibliotek
- Informasjon om lånekortet er knytt til Nasjonalt lånekort
- Fødselsnummer (dersom lånekortet er knytt til Nasjonalt lånekort eller lånaren aksepterer det)
- Informasjon om barn (dersom biblioteket og lånaren ynskjer det)

- Informasjon om foreldre (dersom biblioteket og lånaren ynskjer det)
- Opplysning om evt. Sperring for lån, samt årsak til sperringa og dato for sperringa
- Utløpsdato for Nasjonalt lånekort
- Melding til lånaren
- Intern melding om lånaren
- Aktive lån
- Historiske lån inntil 14 dagar etter innlevering, lenger ved individuell avtale med lånaren
- Utlånmeldingar (utsendte purringar, erstatningsbrev, reserveringsbrev)
- Aktive reserveringar
- Aktive fjernlånsbestillingar
- Bruk av nettstad (nettstadsloggane slettast vekentlig)
- Informasjonskapslar

## *Informasjonskapslar*

Informasjonskapslar (cookies) er små tekstfiler som plasserast på di datamaskin når du lastar ned ei nettside. I Mikromarc brukast informasjonskapslar i desse tjenestene:

- Mikromarc Websøk
- Mikromarc Mobilweb
- Mikromarc+ for personale

Informasjonskapslane brukast til å forbetre brukeropplevinga, mellom anna for å huske påloggingsopplysningar.

Bibliotekenes IT-senter bruker ikkje informasjonskapslar til å generere statistikk, og vi kan dermed ikkje spore din bruk av Mikromarc tilbake til deg som enkeltperson.

Lagring og bruk av informasjon er ikkje tillate om ikkje brukaren er informert om og har godteke at informasjon lagrast, målet med lagringa og måten informasjonen vert brukt. Ved å halde fram med å bruke Mikromarc godtek du at informasjonskapslar lagrast i di datamaskin, sia dei fleste nettlesarprogramma automatisk godtek å lagre desse.

Det finst to slag informasjonskapslar: Det eine slaget lagrar ei fil på brukaren si datamaskin. Denne fila brukast normalt til å huske brukaren sine preferansar og innstillingar mellom sesjonar. Det andre slaget er ei mellombels fil som berre blir lagra under aktiv bruk og slettast når nettlesarvindauget vert lukka. Personlig informasjon om brukaren vert ikkje lagra. I Mikromarc vert begge typene av informasjonskapslar nytta til å høvesvis å lagre brukaren sitt språkvalg og å beskytte mot dataangrep. Dersom du ikkje godtek bruk av informasjonskapslar, kan bruk av desse skruast av i instillingane til nettlesarprogrammet. Ver merksam på at Mikromarc nyttar informasjonskapslar til å sikre bruken av applikasjonen, og at det å ikkje godta

informasjonskapslar vil gjere at mykje av nettstaden ikkje vil fungere. Det anbefalast derfor ikkje.

## *Formål med lagring av personopplysningane*

Personopplysningane lagrast for at biblioteka skal kunne administrere utlån av bøker og anna materiale til lånarane, samt andre teneste.

## *Heimel for lagring av personopplysningane*

Hovudgrunnlaget for behandlinga av personopplysningane finst i personvernforordninga (GDPR) Artikkel 6 1 a): «Den registrerte har gitt samtykke til behandling av sine personopplysningar for ett eller flere spesifikke formål». Du skal ha fått informasjon om lagring av personopplysningar og gjeve ditt samtykke då du vart registrert som lånar.

I nokon tilfelle bygg også lagringa på GDPR artikkel 6 1c): «Behandlingen er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt». Biblioteka er pålagt å samle inn statistikk over bruken av biblioteket. Denne statistikken kan ikkje identifiserast på personnivå og avleverast til Nasjonalbiblioteket.

## *Utteksling av personopplysningar*

I Noreg vert adresseopplysningar og enkelte andre personopplysningar utveksla med Nasjonalt låneregister, ein database som gjer det mogeleg og effektivt å nytte same lånekort i mange forskjellige bibliotek i Noreg. Det blir berre utveksla opplysningar om lånarar som har gjeve særskild samtykke til å vere registrert i Nasjonalt låneregister. Det utvekslast ikkje opplysningar om lån, reserveringar, gjeld, svartelistingar og andre forhold mellom lånar og det einkilde bibliotek. Nasjonalbiblioteket og biblioteksystemleverandøren i Norge står bak Nasjonalt låneregister, og det føreligg ein databehandlaravtale mellom partane.

## *Innsyn og sletting av personopplysningar*

Dagleg ansvar: Sykkylven bibliotek v/biblioteksjefen

Du kan krevje innsyn i personopplysningane som er lagra om deg, og du kan også krevje opplysningane retta eller sletta innan ein månad. Ver oppmerksom på at lagring av nokre opplysningar er naudsynte for at du kan vere lånar ved biblioteket.

Innlogging på biblioteket sine heimesider (Meg & Mitt) gjev innsyn i nesten all informasjon biblioteksystemet har lagra om deg. Ta kontakt med biblioteket dersom du ynskjer utvida innsyn i personopplysningar eller ynskjer sletting av personopplysningar.

### *Kontaktperson for personvern*

Bibliotekenes IT-senter AS og dotterselskapa Biblioteksentrum AB og Open Library Solutions AB er databehandlar for bibliotek i Noreg, Sverige og Finland.

Ta kontakt med ditt bibliotek dersom du har spørsmål om lagring av personopplysningar:

Sykkylven bibliotek:

[biblioteket@sykkylven.kommune.no](mailto:biblioteket@sykkylven.kommune.no)

tlf: 70 24 68 07

Bibliotekenes IT-senter, Biblioteksentrum og Open Library Solutions er ansvarleg for utvikling drift av biblioteksystemet Mikromarc. Spørsmål om utvikling og drift av systemet kan rettast til tryggleiksansvarleg og personvernombod Jonny Karlsen i Bibliotekenes IT-senter (e-post: [jonny.karlsen@bibits.no](mailto:jonny.karlsen@bibits.no), telefon +47 22 08 98 00)